



# Tokke

Utviklingsmål for  
barnehage og skule i Tokke kommune



Planperiode 2023- 2028

## Innleiing

*Tokke kommune skal legge til rette for at alle barn og unge skal kunne utvikle seg både personleg, sosialt og fagleg og slik bli den beste utgåva av seg sjølv. Det stiller høge krav til alle som jobbar med barn og unge, og spesielt til tilsette i barnehagar, SFO og skular. Det stiller også høge krav til kommunen som barnehage- og skoleeigar. Konkretiseringa av dei ulike satsingsområda vil bli skildra i barnehagane s årsplan og skulen s utviklingsplan for det enkelte barnehage- skuleåret i planperioden.*

*Denne planen skal vere eit styringsdokument i arbeidet med å nå eigne lokale utviklingsmål for barnehage og skule i Tokke kommune. Planen har tre retningsgivande fokusområder.*

## Menneskesyn

I oppvekststata ser vi på kvart menneske som unikt og verdifullt. Me meiner at kvart menneske har evne til å utvikle seg og vekse. Dette vert synleggjort ved at alle vert høyrd og sett og blir møtt med respekt.

## Læring og utviklingssyn

I oppvekststata ønskjer me at alle vil lære og utvikle seg og oppleve meistring. Me skaper eit godt og trygt miljø som gjev grunnlag for leik, læring og danning.

## Den profesjonelle tilsette-vaksenrolla

I våre verksemder møter innbyggjarane tilsette som

- er *profesjonelle*
- er kompetente
- kan rettleie
- er gode rollemodellar
- vågar å setje grenser
- kan motivere
- stiller krav

## Mandat og oppgåver for barnehage og skule

*Barnehage og skule er arenaer for omsorg, leik, læring og danning. Barnehagen som pedagogisk verksem, har fokus på barns læring i eit trygt miljø. Skulen arbeider for ei fagleg utvikling hjå elevane slik at dei når kompetanse måla i fag. For å oppnå læring er det avgjerande at elevane opplever at skolemiljøet er trygt og godt.*

### Overordna mål

Alle born og unge i Tokke kommune skal oppleve trivsel, meistring, læring og utvikle seg best mogleg ut frå sitt potensiale.

Alle born og unge skal bli møtt av tydelege og kompetente tilsette som har positive forventningar til kvar og ein, og som leiar og støttar den enkelte i deira faglege og personlege utvikling.

### Utviklingsmål 1: Inkludering og fellesskap

- Alle har eit trygt og godt leike - og læringsmiljø.
- Me har fokus på tidleg innsats. Tiltak før vedtak.
- Me legg til rette for at born og unge utviklar seg til robuste menneske med god fysisk og psykisk helse.

#### Barnehage:


1. God pedagogisk leiing og god organisering/administrasjon av barnehagen skal sikre alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø.
2. God pedagogisk leiing og god organisering/administrasjon av barnehagen skal sikre inkludering og tilpassingar for den enkelte innanfor fellesskapet.
3. Barnehagen skal arbeide systematisk og kunnskapsbasert for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø i henhold til Barnehagelovas kapittel VIII.

#### Skule:

1. God klasseleiing og fellesskapande didaktikk skal sikre alle elevar eit trygt og godt skolemiljø.
2. God klasseleiing og god skuleleiing skal sikre inkludering og tilpassa opplæring innanfor fellesskapet.
3. Skulen skal arbeide systematisk og kunnskapsbasert for å sikre eit trygt og godt skolemiljø i henhold til opplæringslova kapittel 9A.
4. Skulen skal ha ein strategi for å sikre skulenærvær.
5. Oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga og Ung data skal få betydning for forsterkning av god praksis, eller ny praksis, i skulens arbeid med eit trygt og godt skolemiljø.

Alle born og unge treng å oppleve seg som ein viktig del av eit fellesskap.

Utdanningsdirektoratet har utarbeida ein modell for utvikling og bevaring av trygge og gode miljø i barnehage og skular:



Modellen viser kva for område som påverkar arbeidet med eit trygt og godt miljø og som verkar saman. Den kan difor brukast som ei rettesnor når ein skal sette inn egna og tilstrekkelege tiltak i barnehage- skulemiljøsaker. (*Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø i Lov om barnehagar* og *Kapittel 9A elevane sitt skulemiljø i opplæringslova*) som skildrar regelverket sektoren har på området. God relasjonskompetanse er avgjerande for at tilsette i barnehagar og skular skal kunne sikre born og unge eit godt barnehage- og skulemiljø.

Livsmestring vil være eit fokusområde innanfor satsingsområdet. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova, livsmestring og helse er ein del av dette verdigrunnlaget. Folkehelse og livsmestring er eitt av tre tverrfaglege tema i læreplanverket. Livsmestring handlar om å forstå og påverke faktorar som har betydning for å handtere sitt eiga liv, takle medgang og motgang og utfordringar på ein god måte.

## **Utviklingsmål 2: Språk i barnehagen og lesing som grunnleggande dugleik i skulen. Fokus på leik og læring i småskulen.**

### **Barnehage:**

**Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk gjennom at:**

- 1. Barnehagen legg til rette for samspel og dialog for å støtte borna i å kommunisere, medverke, lytte , forstå og skape mening.**
- 2. Alle born får god språkstimulering gjennom barnehagekvarldagen i tråd med rammeplanens intensjonar.**

### **Skule:**

- 1. Elevane skal utvikle god lesedugleik i tråd med rammeverket for grunnleggande ferdigheitar.**
- 2. Alle lærarar skal vere «leselærararar» og ta ansvar for lesing som grunnleggande dugleik i sine fag.**
- 3. Lærarane i småskulen skal i større grad ha fokus på leik og læring i begynneropplæringa.**
- 4. Oppfølging av resultat frå nasjonale prøver i lesing skal få betydning for forsterking av god praksis, eller ny praksis, i skulen arbeid med lesing som grunnleggande dugleik.**

Arbeid med språk og lesing er viktig for alle born og elevar. Rammeplanen for barnehage skildrar arbeid med språk og seier blant anna *“Barnehagen skal bidra til at born leikar med språk, symbol og tekst. Dei vaksne skal stimulere til utvikling gjennom at borna blir nysgjerrig og medvitne. Born lærer språk best gjennom å være språkleg aktive”*. Personalet må difor legge til rette for språkstimulering på ulike måtar. Rettleiaren om språkutvikling i barnehagen, *«Språk i barnehagen – mykje meir enn berre prat»*, påpeiker at arbeid med språk skal være ein integrert del av barnehagekvarldagen og kor viktig det er at personalet møter borna på deira nivå og arena. Konkretisering av tiltak innanfor satsingsområdet vil bli skildra nærmare i årsplanane til barnehagane.

Lesing som grunnleggande dugleik er ikkje nytt i skulen og inngår som ein av fem grunnleggande dugleikar som gjennomsyrer læreplanverket i samlege fag. Dei andre fire grunnleggande dugleikane er rekning, skriving, munnlege dugleik og digitale dugleikar. Tokke har varierande resultat på nasjonale prøver i lesing og det er ein av grunnane til å sette søkelyset på lesing. God lesedugleik er viktig for forståinga i alle fag og er viktig for alle i dagleglivet. Fokus på leik og læring i begynneropplæringa vil vere eit satsingspunkt i Tokke skulane i skuleåret 23/24. Fokus på meir aktivitet og møte bornas kreativitet og nysgjerrigkeit er døme på dette. I arbeidet med «Leik og læring» vil det vere eit tett samarbeid med USN og De – komp.

## **Utviklingsmål 3: Leik og relasjonskompetanse i barnehage. Regulerande miljø for elevar med utfordrande åtferd.**

### **Barnehage:**

- 1. Utvikle leikekompetanse hjå barn og for vaksne.**
- 2. Felles forståing for kva eit godt leike og læringsmiljø er.**
- 3. Auke relasjonskompetansen (barn-barn/ vaksne-barn/ voksen voksen)**
- 4. Gode relasjonar i kvardagssituasjonar (grobotn).**
- 5. Fokus på reguleringsstøtte (theraplay/ nevroaffektiv hjerneutvikling).  
Gje borna emosjonell støtte på deira nivå.**
- 6. Få barn inn i positive spor når det gjeld emosjonell utvikling (sjølv- kontroll, empati...).**

### **Skule:**

- 1. Skulen skal arbeide systematisk og kunnskapsbasert for å utvikle ein felles strategi og eit «felles språk» i møte med elevar som strevar med reguleringsvanskar.**

#### **Dette krev:**

- Regulerte vaksne
- Tverrfagleg samarbeid
- Raud tråd frå barnehage kring deira arbeid med regulerering.
- Avsett tid til rettleiing, refleksjon og forankring.

Både skule og barnehage opplever ei noko negativ utvikling i høve born som slit med regulerering, konsentrasjon og generell åtferd. Tett samarbeid mellom barnehage, skule, føresette, helse og PPT vil vere naudsynt for å møte og korrigere desse borna på best mogleg måte. Dette krev god kunnskap og kompetanse på feltet og BTI-modellen er kommunens verktøy for å samhandle og sikre at bort og unge får den hjelpa dei treng.

## Organisasjon og kommunikasjon

### Overordna mål

Barn og unge skal oppleve kontinuitet og samanhengar i oppveksten. Skulane og barnehagane i Tokke kommune utviklar seg som lærande organisasjonar. Tokke kommune er ein arbeidsplass der det er lagt til rette for at kvar einskild arbeidstakar kan få utvikle seg i eit sosialt og fagleg miljø.

#### Delmål:

- Tokke skal vere ein attraktiv arbeidsplass der alle tilsette har god kompetanse og er utviklingsorienterte.
- Det er eit aktivt tverrfagleg samarbeid mellom barnehagane, grunnskulane, helse, vidaregåande skule og PPT. Døme: Overgangar, BTI (betre tverrfagleg innsats) og Barne og ungdomsteam.
- Me legg til rette for medverknad frå barn, unge og føresette.
- Kommunen stimulerer arbeidstakarane aktivt til kompetanseheving.

## Kvalitetsarbeid i barnehage og skule

### Overordna mål

Tokke kommune skal sikre at barnehagane og skulane har høg kvalitet, og at krav i barnehagelova og opplæringslova blir etterlevd. Kommunen som god barnehage og skuleeigar har til ei kvar tid oversikt over verksemndene, driv systematisk utviklingsarbeid og bidreg aktivt til å utvikle verksemndene i takt med samfunnets behov og endra krav.

#### Delmål:

- Dei tilsette har riktig/høg kompetanse
- God leiing som gir motiverte og trygge medarbeidarar
- Barnehage og skuleeigar har utarbeidd eit system for kvalitetsvurdering.

Revidert nov – 23

Vedteke i OKI, 14.11.23

